



Sokneprest With Due på prekestolen i Uskedal kyrkje då han vart innsett

Sokneprest Ole Kristian With Due sluttar etter å ha fått ny stilling i Molde. Han vart innsett her i august 2010. Dette vart opplyst under årsmøtet for Uskedal sokn etter gudstenesta søndag. Her er referatet frå årsmøtet:

ÅRSMØTE i Uskedal sokn, 10.02.13

I tillegg til årsmeldinga (som er lagt ut på nettsida for eit par veker sidan) vart rekneskapan og statistikk gått gjennom på årsmøtet søndag.

5 andre saker vart også tatt opp /informert om. Dette var;

1) Soknepresten vår sluttar. Ole Kristian With Due har fått ei ny stilling i Molde. Han har tidlegare budd 10 år i Molde, kona hans har også budd der, og dei har såleis tilknytning til staden. Soknepreststillinga, med

arbeidsområde i Uskedal sokn og Husnes og Holmedal sokn, er lyst ut, og tilsetjing skal skje i mai. Soknerådet håper då at ny sokneprest kan byrje tidleg på hausten.

2) Uskedal kyrkje vs Uskedalen kyrkje. På årsmøtet vart det informert om saksgongen for å få stadfesta at kyrkja heiter Uskedal kyrkje. Når det gjeld endring av namnet på plakathuset, så vil Alf Jarle Langeland (kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar i Husnes og Holmedal sokn), som også er den som har laga huset, ordne med endring av namnet på dette.

3) 100-års skriftet (boka) for Uskedal kyrkje. Soknerådsleiar informerte om kor langt vi har kome med dette arbeidet, og at planen er at all tekst- og biletmateriell skal vere klart i oktober i år. Boka vert på vel 100 sider og den skal vere innbunden.

4) Maling av kyrkja. Soknerådet er kjend med at Fellesrådet har fått tildelt kr 300.000,- i ei "ekstraløyving", og at planen er at dette skal gå til opp-pussing/maling av kyrkja i Uskedalen og i Rosendal. Soknerådet har bedt om kyrkjeverjen kan kome på neste soknerådsmøte, den 12.mars, for å orientere om framdrifta.

5) Jubileet i 2014 - 100 år, då må vi jubilere! Soknerådet har planar for nokre aktivitetar, men vi ønskjer at også bygdefolket kjem med innspel på korleis ein ønskjer at feiringa skal skje. Soknerådet treng også at bygdefolket deltek i ulike nemnder, som blir naudsynte for gjennomføring av aktivitetane. Vi ber om at bygdefolket melder inn både ønske om tilskipingar, og om deltaking på diverse oppgåver knytt til feiringa. Ring gjerne til sokneråds-leiar – 90606517.

Uskedal sokneråd
Møyfrid Kristoffersen
leiar

Foto: Kristian Olav Bringedal og Ola Matti Mathisen



[Soknepresten møter Johannes Hauge i etter gudsteneste på Skorpo](#)